

Styrets forslag til vedtak

Sak 7: Fiskeriforvaltning og fiskeriavtalar

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tek presentasjonen til seniorforskar Anne-Kristin Jørgensen og forskar Cecilie Kvamme til orientering.

Årsmøtet er uroa over krigen i Ukraina, og alle redslane, lidningane og tap av menneskeliv krigen har medført.

Russland sitt angrep, på Ukraina, har ført til at EU, USA, Noreg og fleire andre land har innført strenge handelsrestriksjonar mot Russland.

Noreg deler torsk- og loddebestandane med Russland. Årsmøtet konstaterer at fiskerisamarbeidet med Russland er på eit minimum, og at fiskeri ikkje er ein del av restriksjonane mot Russland.

Årsmøtet støttar norske myndigheiter si handtering av sanksjonane mot Russland.

Russland er suspendert frå ICES, og deltok difor ikkje på metoderevisjonen, av lodda, i 2022.

Det har òg vore mangelfulle forskingsdata, på lodda frå Russland. Dette fører til større uvisse i bestandsestimatet.

Årsmøtet meiner at suspensjonen frå ICES og/eller mangelfulle forskingsdata frå Russland ikkje må føra til at Noreg har mindre fokus på loddeforskning. Tvert om er det viktig at Noreg styrkar si forskning på loddebestanden. Dette for å redusera uvissa i bestandsestimata, og faren for at det blir lågare kvotar enn det er biologisk grunnlag for.

I år har næringa finansiert leige av fiskefartøy på loddetokt, og Havforskningsinstituttet (HI) stilte med forskarar. Årsmøtet er glad for dette, men meiner at årlege loddetokt er så viktige at loddeforskinga ikkje kan vera avhengig av støtte frå næringa, men må ha ein fast plass på HI sine årlege budsjett.

HI sine forskingsfartøy er òg råka av høge dieselprisar, og dette har ført til reduksjon i forskningstokt.

Årsmøtet er òg urolege for at store kutt i løyvingane, til HI, vil føra til mindre sikre bestandsestimat. Dette vil kunne føra til over- eller underfiske, med dei store negative verknadane det kan medføra for fiskarane, landindustrien, distrikta, landet og verda sin matvaresituasjon.

Årsmøtet meiner at det er ein føremon med gode fiskeriavtalar med våre naboland. Dette er viktig for å unngå overfiske, og for at fiskeria skal vera så miljøvennleg og berekraftige som mogeleg. Dette er òg viktig for miljøsertifiseringar, og av omsyn til marknaden.

På tross av manglande makrellavtale med UK har norske fiskarar klart å fiska kvotane sine i norske farvatn. Årsmøtet meiner at Noreg ikkje må inngå fiskeriavtalar for ein kvar pris.